



**Askvoll kommune**

[www.askvoll.kommune.no](http://www.askvoll.kommune.no)

Informasjonsbrosyre om kommunereforma

# NO

**SKAL DU SEIE  
DI MEINING OM  
KOMMUNE-  
REFORMA!**

## Dei ulike kommunealternativa:

Politikarane i 10 kommunar vedtok hausten 2015 fire ulike intensjonsavtalar om å slå seg saman til ein større kommune. I ettertid har Gloppen trekt seg ut, og fleire av kommunane har parallelt jobba med andre alternativ i lag med andre kommunar.

Det betyr at både politikarane og innbyggjarane må stilling til fleire alternativ enn dei som i dag ligg på bordet, men dei tre mest aktuelle alternativa er:



### SiS:

Flora, Førde, Jølster, Gaular og Naustdal.

**Folketal 2015:** 33.436 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 38.203 innbyggjarar




### Liten SiS:

Førde, Jølster, Gaular og Naustdal.

**Folketal 2015:** 21.564 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 25.162 innbyggjarar



### HAFS:

Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Solund ønskjer å stå åleine.

**Folketal 2015:** 8.036 innbyggjarar

**Framskrive 2040:** 7.801 innbyggjarar

I tillegg er Sognefjordalternativet aktuelt for innbyggjarane i Hyllestad. Dette er ei samanslåing av kommunane Balestrand, Høyanger og Hyllestad. Denne kommunen vil ha 6.878 innbyggjarar. Det siste alternativet er at kommunane held fram som i dag, det vil seie som eigne kommunar.

I løpet av våren blir saka avgjort av politikarane i dei ulike kommunestyra. Men først skal innbyggjarane seie si meining. I Hyllestad, Jølster, Askvoll, Naustdal, Flora og Gaular skjer dette i form av ei **rådgevande folkerøysting 4. april**.

I Førde, Fjaler og Solund blir det gjennomført ei **ny innbyggjarundersøking**.



## Intensjonsavtalane:

Dei ulike alternativa til nye kommunar er bygde på vedtekne intensjonsavtalar i kommunestyra. Innhaldet i avtalane er ganske likt, med ein vesentleg skilnad. I alternativet SiS (Flora, Førde, Naustdal, Gaular, Jølster) er føremålet å **«Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund»**.

Dei andre måla er like for alle alternativa:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane (*Gjeld ikkje HAFS-alternativet*)
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Skipe ein livskraftig og attraktiv ny kommune

I intensjonsavtalane er det også vektlagt at førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod skal vere der dei er i dag. I tillegg er det ei målsetjing på sikt å få tilført nye oppgåver frå sentral og regional stat, og frå fylkeskommunen.

**Meir informasjon om intensjonsavtalane finn du på**  
[www.prosjektsunnfjord.no](http://www.prosjektsunnfjord.no)



## Viktige datoar:

4. april: Rådgevande folkeavrøstingar og innbyggjarundersøking blir gjennomført
8. april: Felles formannskapsmøte
30. april: Kommunestyrehandsaming om samanslåing er gjort
30. juni: Evt. kommunestyrehandsaming 2 er gjennomført
- Sommar 2016: Nytt inntektssystem for kommunane blir vedteke
- Haut 2016: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tilråding i høve kommunesamanslåing ligg føre
- Vår 2017
- Stortingsproposisjon om
  - Ny kommunestruktur
  - Nytt regionalt nivå (både folkevald og statleg)
  - Nye/endra oppgåver (samla for kommune og region)
  - Naudsynte lovendringar
1. januar 2020: Ny kommunestruktur på plass

## Meir informasjon finn du her:

<http://prosjektsunnfjord.no>

eller les informasjonsavisa «Puslespelet» på nett:

<http://issuu.com/informmedia/docs/ps-2015>



**Desse alternativna blir rådgjevande for det vidare arbeidet med kommunereforma**

Innbyggjarane i Askvoll kommune skal i ei rådgjevande folkerøysting **4. april** røyste over desse tre alternativna:

**Alternativ A:**

**JA** Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Fjaler, Hyllestad og Solund (Hafs)

**Alternativ B:**

**JA** Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar: Førde, Gaular, Jølster og Naustdal (liten Sis)

**Alternativ C:**

**NEI** Askvoll kommune slår seg ikkje saman med andre kommunar

---

**Når kan du røyste?** Førhandsrøysting skal skje på Askvoll rådhus i ordinær opningstid i perioden 14. mars til 1. april. I tillegg skal det vere førhandsrøysting på laurdag 26. mars frå kl.11:00 – 13:00. På sjølve folkerøystingsdagen måndag 4. april gjeld desse opningstider i krinsane:

Bulandet Værlandet – Værlandet ungdomshus	kl. 13:00-18:00
Atløy – Atløy kulturhus	kl. 13:00-18:00
Askvoll – Askvoll rådhus	kl. 09:00-20:00
Holmedal – Holmedal bygdehus	kl. 13:00-18:00
Stongfjorden – Stongfjorden grendahus	kl. 13:00-18:00
Gjelsvik – Allaktivitetshuset på Høgda	kl. 13:00-18:00

Hugs å ta med legitimasjon!



## Ordførar i Askvoll, Firda Melvær (H):

Med bakgrunn i grundige utgreiingar og basert resultatet frå opinionsmålinga hausten 2015, har kommunestyret vedtatt å legge fram 3 røystealternativ.

Det første går ut på at Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av kommunane Fjaler, Hyllestad og Solund (HAFS). Det andre er at Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av kommunane i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal (liten SIS). Det tredje alternativet er at Askvoll held fram som eigen kommune.

I løpet av våren er det kommunestyret si oppgåve å konkludere og gjere endeleg vedtak.

Til liks med fleire andre kommunar er det også mogeleg for Askvoll å sjå alternativ 1 og 2 i kombinasjon. Dette vil avhenge av eige resultat og resultatane frå folkehøyringar og vedtak i dei aktuelle kommunane.

Kommunereforma er ei omfattande sak som vedkjem alle innbyggjarar og som legg føringar for utviklinga av kommunen vår i framtida. Kommunestyret har i prosessen vore tydelege på at vi ønskjer å trygge nærleik til- og kvalitet i grunnleggjande tenester som mellom anna skule, barnehage, helse og omsorg. Innbyggjarane skal også ha tilgang til servicekontor i dei gamle rådhusa. Eit godt tenestetilbod og ei framtidsretta samfunnsutvikling er berejleken i ein kvar kommune. Dette er sett fokus på og nedfelt i intensjonsavtalane.

Gjennom ei rådgjevande folkerøysting ønskjer vi å spørje deg kva DU meiner. Alle innbyggjarar over 16 år er inviterte til å delta i røystinga, og det er svært viktig for kommunestyret si tolkinga av resultatet at du nyttar deg av denne retten.

